

Notat

Til: Hovudutvalet for opplæring

Frå: Fylkesdirektøren for opplæring

Søknad om fagskule i økologisk landbruk, Fagskulen Innlandet Sogn jord- og hagebruksskule er fagleg partner og lærestad for tilbodet

Bakgrunn

Sogn Jord- og Hagebruksskule fekk i 2006 midlar til å utvikle «Fagskule i økologiske landbruk» av Kompetanseutviklingsprogrammet i landbruket (KIL). Målet med prosjektet var å

- Utvikle læreplanar for fagskule i økologisk landbruk
- Søkje om godkjenning i Nasjonalt organ for kvalitet i utdanning (NOKUT)
- Gjennomføre prøveprosjekt
- Arbeide parallelt med langsiktig finansiering for eit slikt tilbod

Arbeidet med prosjektet hadde ein treg start, grunna utfordringar med å rekruttere gode fagfolk til prosjektet. Etter kvart fekk Sogn Jord- og Hagebruksskule munnleg avtale med rektor ved Fagskulen i Sogn og Fjordane om at dei skulle stå som ansvarleg søkjar og dei skulle ha inntil kr 100.000 for å skrive søknaden til NOKUT. Men før dei kunne gå i gang måtte saka handsamast både i HO og i styret for Fagskulen i S. og Fj. Då saka skulle førebuast til HO fekk skulen beskjed om at saka likevel ikkje kunne handsamast fordi framtida til Sogn Jord- og Hagebruksskule var uviss (2010). Med dette grunnlag fekk vi ei tid årlege utsetjingar hjå KIL.

I oktober 2014 fekk SJH ultimatum frå KIL om å slutføre prosjektet eller overlevere ansvaret til andre. Vi måtte velje det siste, sidan framtida til skulen enno var uviss. KIL godkjende at Fagskulen Innlandet og Hvam Agroutvikling etter vårt ønske overtok ansvaret for å utvikle fagskule økologisk landbruk. Fagskulen Innlandet er største fagskuleaktør innan «Grøne fagskular». Arbeidet med å utvikle godkjente studieplanar starta i 2015. SJH vart frå starten av invitert som fagleg partner inn i prosjektgruppa til Fagskulen Innlandet, og Bjørg Fritsvold har representert skulen i prosjektarbeidet sidan våren 2015.

Målgruppe og profil

Regjeringa har sett eit mål om at 15% av matproduksjon i Noreg skal være økologisk innan 2020. Ein viktig målgruppe er bønder som ynskjer å leggja om delar eller heile produksjonen til økologisk drift, men og tilsette i rådgivingsapparatet. Det vil og være aktuelt for elevar ved SJH som har fullført Vg3 og ynskjer meir kompetanse. Krav til opptak er godkjend eksamen frå naturbruk.

Fagskulen er tenkt som eit nettbasert 2-årig deltidstilbod, med 60 fagskulepoeng. Den vil fylgje same mal som liknande tilbod ved Fagskulen Innlandet, med 4-5 samlingar (2-3 dagar) i semesteret. Dei fire hovudemna i studiet er 'driftsleiing og økonomi', 'økologisk jord- og plantekultur', 'økologisk husdyrproduksjon' og 'hovudprosjekt'.

SJH si faglege rolle i studiet

Fagskulen Innlandet ynskjer å leggje studiet til Hvam videregående skole og SJH. Ein ynskjer å få til eit nært samarbeid fagleg mellom skulane, og samlingar i studiet vil gå føre seg ved begge skular. Avtale om godtgjersle for tenestene SJH yter inn i studiet vil bli utforma etter at studiet er

godkjend. Det har i mai 2016 vore to møter i prosjektgruppa, eit ved SJH og eit ved Hvam vidaregåande skole. Rektor ved Hvam Vg (Per Corneliussen) og rektor ved SJH (Aksel Hugo) deltok begge på begge møte. Sidan Hvam Vg skole ligg i Akershus fylke, er det Akershus fylkeskommune som vil garantere økonomisk dei fyrste to åra av fagskulen sin drift.

Vidare framdrift

Kort oppsummert er framdriftsplanen no som følgjer:

01.06.2016	Utsending av høyringsbrev vedlagt framlegg til studieplan for fagskule økologisk landbruk
10.08.2016.	Høyringsfrist
15.09.2016	Frist innsending av søknad til NOKUT
Sept. 2017	Oppstart – gitt at det blir godkjenning i NOKUT